
Saksnr: 2020/74795-1
Saksbehandlar: Lars Hustveit
Dato: 22.10.2020

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Gnist - Innovasjonsprogram for stadsutvikling og næringsutvikling i lokalsamfunn

Innleiing - om fylkeskommunen sitt utviklings-samarbeid med kommunane

Fylkeskommunen arbeider for tida med å skaffe oss ei oversikt over kontaktpunkta vi har med kommunane innan arbeidsfeltet nærings- og samfunnsutvikling. Initiativ til utviklingsarbeid kjem i nokre høve frå fylkeskommunen eller våre partnerar på fylkesnivået, nokre kjem frå kommunenivået eller frå interkommunalt samarbeid og i andre høve er initiativet nasjonalt. Fylkeskommunen sjølv treng også intern koordinering. Med bakgrunn i ei kartlegging, er føremålet å legge til rette for at ulik innsats både er målretta og har best mogeleg indre samanheng.

Programmet GNIST er føresett skal inngå i arbeidsfeltet næring- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn. Vi viser også til saksframstillingar til møta 14. mai 2020 og 4. juni 2020 om temaet.

Føremål med dette notatet

Den statlege aktøren Doga (Design og arkitektur Norge) og klyngeorganisasjonen Nordic Edge (som også har sekretariatsoppgåver for smartbyane) har teke initiativ til Gnist - innovasjonsprogram for lokalsamfunn. Gnist er eit innovasjonsprogram retta mot distriktskommunar. Programmet vart lansert 23. oktober.

Initiativtakarane signaliserer at dei ønskjer å kople på fylkeskommunane i arbeidet

Føremålet med notatet er;

- 1 Å informere om initiativet Gnist
- 2 Å drøfte korleis fylkeskommunen kan bruke programmet i sitt arbeid retta mot kommunane

Smarte lokalsamfunn

Initiativet er knytt opp til Nasjonalt veikart for smarte og bærekraftige byer og lokalsamfunn. Smarte samfunn er eit omgrep som er mest kjent i høve smarte byar. I EU er det også initiativ knytt til smarte bygder. Kort oppsummert er arbeidet kjenneteikna ved:

- Initiativ nedanfrå og opp / sterk vektlegging av samskaping / demokrati
- Å ta i bruk ny teknologi / opne data
- Løyse samfunnsutfordringar (t.d. folkehelse / miljø)

Nærare om innhaldet i programmet

Gnist kombinerer samskaping, designmetodikk og ny teknologi for å bidra til:

- Auka kompetanse på stad- og næringsutvikling i distriktskommunar, med utgangspunkt i lokale føremoner og i identifiserte behov for endring.
- Nye samarbeidskonstellasjonar for meir innovative, heilskaplege og langsiktige løysingar på konkrete utfordringar i lokalsamfunn.
- Attraktive, berekraftige og tilpassingsdyktige lokalsamfunn å bu, arbeide og leve i.
- Kunnskaps- og erfaringsutveksling på tvers av kommunar og regionar.
- Oppskalering og eksport av innovative løysingar for smart og berekraftig stad- og næringsutvikling.

Målgruppe:

Programmet er særleg retta mot distriktskommunar, men er oppe for alle kommunar som er opptekne av å bygge attraktive lokalsamfunn.

Gnist-programmet har to deler:

Kompetansebyggingsdelen (fase 1) av programmet er open og gratis for alle kommunar. Denne delen skjer digitalt.

Innovasjonsdelen (fase 2-5 av programmet) vert organisert som ein innovasjonskonkurranse, der tre kommunar med dei mest interessante og innovasjonsvennlege utfordringane vert plukka ut til å vere med vidare. Gjennom ein strukturert prosess leia av DOGA og Nordic Edge, vil lokale og nasjonale bedrifter bli engasjerte i å utvikle løysingar på dei valde utfordringane i samarbeid med kommunen, fylkeskommunen og innbyggjarar.

Programmet er såleis bygd opp rundt ein metode der lokalsamfunnet / kommunen identifiserer problem som er ønska løyst og at DOGA / Nordic Edge presenterer utfordringane for bedrifter som vil delta i å finne løysingar.

Tre kommunar vert plukka ut som vinnarar. Kriterium for å bli med vidare «interessante og innovasjonsvennlege utfordringar» relatert til definisjon av smarte lokalsamfunn (ref. Vegkartet). Fasane i programmet er illustrert i figur nedanfor

Det går fram at fylkeskommunane vert trekte med i prosessen og at vi kan inngå i spleiselag dersom ein av våre kommunar vinn fram. Det er venta at vinnarkommunar stiller med kr 150.000 åleine eller saman med fylkeskommunen. Finansieringa skal gå til næringsaktørar for arbeid med å vidareutvikle «innovative, tverrfaglege og heilskaplege» løysingsforslag.

Formelt er det Doga og Nordic Edge som eig programmet. Deira mål er å få aktiviteten til å gå utan eit stort budsjett, med syklusar som synt i figuren nedanfor og med årlege evalueringar for å stake ut vegen vidare. Samarbeidspartnarane til Doga og Nordic Edge er Distriktssenteret, Leverandørutviklings-programmet for innovative innkjøp (LUP), SIVA, KS, Ungdommens distriktspanel og Loft4.

Moglege koplingspunkt for Vestland fylkeskommune

Vi kan openbertt kople oss på fase 1 kompetansebyggingsdelen og oppmode kommunar til å delta her. Tematikken er relevant for gjennomføring av utviklingsplanen og kan bidra til å bygge kompetanse på nye arbeidsformer gjennom nye samarbeidsarenaer. Denne aktiviteten er web-basert, open og gratis for alle. Vi må vidare vere budde på at kommunar ønskjer å delta og at det då vert venta eit engasjement frå fylkeskommunen i fasane 2 - 5.

Initiativtakarane presenterer programmet med denne illustrasjonen



Korleis kan Vestland fylkeskommune bruke programmet?

I ein fase der Vestland fylkeskommune har fokus på å fullføre sider ved samanslåingsarbeidet og å utvikle ny, felles strategisk planlegging, kan vi oppleve at initiativet kjem tidleg på oss. Som nemnt innleiingsvis, har vi trong for å etablere ein plattform for samarbeid med kommunane slik at dette samarbeidet vert opplevd som godt koordinert.

Det er openbert at Gnist-programmet kan forankrast i ulike deler av fylkeskommunen; rådgjeving i høve samfunnsdelen i kommuneplanen, tettstadutforming, bygdeutvikling, innovasjon i offentleg sektor, arbeidet med innovative innkjøp, entreprenørskap, det ungdomsretta arbeidet for å nemne noko. Vi vil ha nytte av programmet for å utvikle våre eigne evner til arbeid på tvers av seksjons- og avdelingsgrenser.

Vi vil også ha nytte av å delta i å utvikle metodikk for å «legge problem på bordet» og så utfordre innovatørar til å finne løysingar på tvers av faggrenser.

Vi må vente at det kan komme opp interessante «smart-bygd»-initiativ som ikkje vinn opp i konkurransen og dermed ikkje «kjem vidare» som ein av dei tre utvalde i det nasjonale programmet. Gode initiativ vil vi i tilfelle likevel kunne ønskje å arbeide vidare med i nær kontakt med Doga og Nordic Edge basert på deira røynsler frå GNIST.

Sidan «smart villages» er sett på dagsorden i EU, er det mogeleg at vi kan arbeide med smarte lokalsamfunn delfinansiert gjennom Europeiske program.

Fylkesdirektøren si vurdering er ut frå dette at vi deltek i arbeidet i høve GNIST med utgangspunkt i at arbeidet er i ein utprøvingfase og at vi er interesserte i røynslene frå arbeidet.